

Prop. 17 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2021 under Arbeids- og sosialdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 26. november 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2021.

Dei reviderte overslaga for folketrygda sine utgifter og inntekter i 2021 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet fremmer forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 760 mill. kroner, å redusere løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 1 295 mill. kroner og å redusere løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 1 117 mill. kroner. Samla føreslår Arbeids- og sosialdepartementet at løyvingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar blir redusert med 3 172 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvingane for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med 9 mill. kroner.

Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forskning m.m.

Post 70 Tilskot

Løyvinga for 2021 er på 52,5 mill. kroner.

Utgifter til EU-kontingenter i 2021 er lågare enn det som er lagt til grunn i saldert budsjett.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til bransjeprogrammer under IA-avtalen m.m., kan overførast

Løyvinga for 2021 er på 72,2 mill. kroner.

Arbeidstilsynet er for 2021 gitt ei fullmakt til å belaste kap. 601, post 71 på inntil 70 mill. kroner. Pga. mindreforbruk i bransjeprogrammene over lengre tid er det bestemt at en fjerdedel av årets tildeling ikkje skal bli utbetalt.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 19,2 mill. kroner.

Kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 45

Løyvinga for 2021 er 254,7 mill. kroner og gjeld Prosjekt 3 og Prosjekt 4 i IKT-moderniseringsprogrammet for Arbeids- og velferdsetaten.

I Prop. 1 S (2021–2022) blir det føreslått å løyve 94,2 mill. kroner til Prosjekt 3 i IKT-moderniseringsprogrammet i Arbeids- og velferdsetaten, som følgje av at prosjektet blir avslutta i 2022 i staden for i 2021. Det er derfor behov for å justere ned løyvinga på kap. 604 i omgrupperinga for 2021, i tråd med det forventa mindreforbruket på 94,2 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 41,2 mill. kroner.

Post 45 Større ustyranskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga for 2021 er 178,9 mill. kroner.

Løyvinga på kap. 604 for 2021 gjeld Prosjekt 3 i IKT-moderniseringsprogrammet i Arbeids- og velferdsetaten. Sjå omtale under post 21.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 53 mill. kroner.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2021 er 13 220,5 mill. kroner.

På grunn av eit lågare aktivitetsnivå på tolkeoppdrag Arbeids- og velferdsetaten utfører for eksterne i år, blir det føreslått å redusere kap. 605, post 01 med 2,1 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 3605, post 04. Sjå tilsvarande omtale under kap. 3605, post 04.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med til saman 2,1 mill. kroner.

Kap. 3605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 04 Tolketenester

Løyvinga for 2021 er 4,1 mill. kroner.

Koronapandemien har påverka aktivitetsnivået slik at tolkeoppdraga Arbeids- og velferdsetaten utfører for eksterne har vore færre enn tidlegare år. Inntektene blir derfor lågare enn løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner. Det vises til tilsvarande parallelljustering under kap. 605, post 01.

Post 06 Gebyrinntekter ved fastsetjing av bidrag

Løyvinga for 2021 er 26,4 mill. kroner.

På grunn av inntektene så langt i år er overslaget i 2021 redusert til 24,4 mill. kroner. Mindreinntekten skuldast mellom anna ein reduksjon i talet ilagte fastsetjingsgebyr dei siste åra.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 612 Tilskot til Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Post 22 Sluttoppgjer, overslagsløyving

Post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 på post 01 er 9 978 mill. kroner.

Løyvinga for 2021 på post 22 er -20 mill. kroner.

Løyvinga for 2021 på post 70 er 180 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga på kap. 612 med totalt 505 mill. kroner. Post 01 er føreslått redusert med 505 mill. kroner, post 22 er føreslått redusert med 6 mill. kroner og post 70 er føreslått auka med 6 mill. kroner.

Reduksjonen i løyvinga kjem i hovudsak av ei rekneskapsteknisk eingongsjustering av premieinntektene til Statens pensjonskasse, slik at pensjonspremien for sjettemin 2021 frå alle statlege verksemdar blir inntektsført i 2021 uavhengig av betalingstidspunktet, jf. forslag til romartalsvedtak. Formålet er å oppnå samsvar mellom inntektsføringa hos SPK og utgiftsføringa hos dei statlege verksemdene frå og med 2021.

I dag er det ulik praksis for fakturering og betalingstidspunkt av pensjonspremie for siste terminfaktura frå Statens pensjonskasse for statlege verksemdar. Dei fleste verksemdene betaler siste terminfaktura for 2021 i desember 2021, medan om lag ein fjerdedel av verksemdene fyrst har forfall i januar 2022. Statens pensjonskasse inntektsfører premieinntekta på innbetalingstidspunktet i samsvar med kontantprinsippet. Til samanlikning utgiftsførar dei statlege verksemdene pensjonspremien for sjettemin i budsjettåret, uavhengig av forfallstidspunkt. Slik utgiftsføring er i tråd med det statlege økonomiregelverket som har gjeve unnatak frå kontantprinsippet for pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Frå 2022 er det føreslått ein ny, felles premiemodell for dei statlege verksemdene, og dette er bakgrunnen for samordning av rekne-

skapsføringa i Statens pensjonskasse allereie frå 2021. Sjå òg omtale av ny pensjonspremiemodell i Prop 1. S (2021–2022) Arbeids- og sosialdepartementet, punkt 2.2.14.

Kap. 613 Arbeidsgivaravgift til folketrygda

Post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 21 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 11 mill. kroner.

Kap. 614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 90 Utlån, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 8 100 mill. kroner.

Overslag for utbetalte lån i 2021 er redusert med 400 mill. kroner. Nytt overslag skuldast at gjennomsnittleg utbetalt lån er redusert.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 400 mill. kroner.

Kap. 3614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 90 Tilbakebetaling av lån

Løyvinga for 2021 er 10 200 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 100 mill. kroner. Nytt overslag skuldast at innbetalte avdrag er redusert.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 100 mill. kroner.

Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 80 Renter

Løyvinga for 2021 er 574 mill. kroner.

Overslaget for renteinntekter er redusert med 28 mill. kroner. Nytt overslag er basert på føresetnader om at volumet i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse er redusert, jf. kap. 3614, post 90 og kap. 614, post 90. Vidare skuldast reduksjonen lågare rentenivå enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 28 mill. kroner.

Kap. 615 Yrkesskadeforsikring

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 84 mill. kroner.

Nytt overslag er basert på utbetalte erstatningar så langt i 2021 og prognose for utbetalningar ut året.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 9 mill. kroner.

Kap. 621 Tilskot til sosiale tenester og sosial inkludering

Post 70 Frivillig arbeid, kan overførast

Løyvinga for 2021 er 131 mill. kroner.

Det er forventa eit mindreforbruk på posten på om lag 26,3 mill. kroner, mellom anna som følgje av noko lågare aktivitet i enkelte prosjekt og organisasjonar under koronapandemien.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 26,3 mill. kroner.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2021 er 479 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsdirektoratet anslår eit mindrebehov på om lag 40 mill. kroner på denne posten i år.

Arbeids- og sosialdepartementet å redusere løyvinga med 40 mill. kroner.

Post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, kan overførast

Løyvinga for 2021 er 8 236,5 mill. kroner.

Endringa i løyvinga som er føreslått, er knytt til omdisponering til kap. 634, post 79. Sjå omtale under den posten.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 7,6 mill. kroner.

Post 78 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser

Løyvinga for 2021 er 72,6 mill. kroner.

Arbeids- og utdanningsreiser skal bidra til at personar som har forflyttingsvanskar grunna varig nedsett funksjonsevne, kan vere i ordinært arbeid eller gjennomføre arbeidsretta utdanning.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli lågare enn berekna. Mindreforbruk på posten heng saman med at det i 2021 har blitt færre mottakarar av tilskot til arbeids- og utdanningsreiser grunna effektar av koronapandemien.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 12,6 mill. kroner.

Post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet

Løyvinga for 2021 er 76,3 mill. kroner.

Utgiftene bereknast til 83,9 mill. kroner i 2021. Arbeids- og velferdsdirektoratet anslår eit meir-behov på 7,4 mill. kroner på denne posten i år. Nytt overslag skuldast auka tal på brukarar i ordninga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 7,6 mill. kroner. Post 76 reduserast med tilsvarende beløp. Sjå omtale under den posten.

Kap. 635 Ventelønn

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 3,8 mill. kroner.

Utgiftene bereknast til 3,5 mill. kroner i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,3 mill. kroner.

Kap. 640 Arbeidstilsynet

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga for 2021 er på 795,1 mill. kroner.

Fleire av Arbeidstilsynets aktivitetar er for-sinka og vil bli utført i 2022. Årsaka til dette er i hovudsak knytt til koronapandemien. Dette gjeld arbeidsmiljøsatsinga – aktivitetar som er forskyve er m.a. brukartesting for portalen og marknads-føring samt IKT-utvikling.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår at posten får stikkordet «*kan overførast*» knytt til desse for 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 45 mill. kroner.

Kap. 3640 Arbeidstilsynet

Post 09 Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket

Løyvinga for 2021 er på 27,9 mill. kroner.

Inntektene på posten vil avhenge av i kor stor grad Arbeidstilsynet må bruke dette verkemiddelet. Det er ei utfordring å gjere overslag for løyving på posten. Prognosen for 2021 tilseier ei inntekt på om lag 30 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2,1 mill. kroner.

Post 10 Gebyr, godkjenningssordning innkvartering m.m.

Løyvinga for 2021 er på 20 mill. kroner.

Posten blei oppretta i 2021 etter kgl. res. av 19. februar 2021 om «*Forskrift om endring i forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet*» (covid-19 forskrifta). I samband med dette krev Arbeidstilsynet eit gebyr for saksbehandlinga av søknader om godkjenning av innkvartering. Det er ei utfordring å gjere overslag for løyving på posten.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 9 mill. kroner.

Kap. 642 Petroleumstilsynet

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2021 er på 31 mill. kroner.

Prosjekt og aktivitetar under oppdrags- og samarbeidsverksemd er i hovudsak initierte av andre aktørar enn Petroleumstilsynet, og etaten har slik avgrensa innverknad på når aktivitetane vil bli gjennomførte. Det har også i 2021, grunna koronapandemien, vore lågare aktivitet enn i eit normalår.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 3,8 mill.

Kap. 3642 Petroleumstilsynet

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Løyvinga for 2021 er på 8,0 mill. kroner.

Koronapandemien har i stor grad påverka aktivitetane på denne posten. Petroleumstilsynet har avgrensa innverknad på når inntektene på posten vil inntreffe på grunn av at desse er avhengige av andre aktørar (mottakarlanda). Det har derfor i 2021 vore lågare aktivitet enn i eit normalår.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 3,3 mill. kroner.

Post 03 Gebyr tilsyn

Løyvinga for 2021 er på 77,8 mill. kroner.

Prognosen for inntekter på posten tilseier ei auke på om lag 8,2 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at innbetalningar med forfall i 2020 er innbetalte i 2021. Vidare skuldast auken i inntekter at Petroleumstilsynet har auka si aktivitet retta mot enkeltaktørar mot ein tilsvarende reduksjon innafor sektorfinansierte aktivitetar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 8,2 mill. kroner.

Kap. 649 Treparts bransjeprogram*Post 21 Spesielle driftsutgifter – Treparts bransjeprogram*

Løyvinga for 2021 er 2,5 mill. kroner.

Utgiftene på posten blir dekkja av overført beløp.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner.

Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn*Post 70 Tilskot*

Løyvinga for 2021 er 30 mill. kroner.

Overslaget for statstilskotet er redusert som følge av justerte overslag for gjennomsnittleg yting gjennomsnittleg tal på mottakarar som samla sett gir en nedjustering med 0,5 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner.

Kap. 665 Pensjonstrygda for fiskarar*Post 70 Tilskot*

Løyvinga for 2021 er 32,7 mill. kroner.

Løyvinga omfattar tilskotet frå staten til dekning av underskot i trygda i samsvar med statsgarantien. Overslag for underskot i trygda er justert opp med 3,3 mill. kroner i all hovudsak som følge av at overslag for pensjonsutgifter er justert opp.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Løyvinga for 2021 er 3 030 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 10 mill. kroner, hovudsakleg som følge av justerte overslag for gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 2470 Statens pensjonskasse*Post 24 Driftsresultat*

Løyvinga for 2021 er -17 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår følgende endringar som i sum ikkje endrar løyvinga på post 24 Driftsresultat:

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår ein reduksjon i driftsutgiftene med 15 mill. kroner til 497 mill. kroner mot tilsvarende auke av underpost 24.6 Til Reguleringsfond.

Underpost 24.6 Til reguleringsfond

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår ein auke i avsetjing til reguleringsfondet med 15 mill. kroner, jf. omtale ovanfor.

Kap. 2541 Dagpengar*Post 70 Dagpengar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2021 er 27 180 mill. kroner.

Fleire særskilte reglar i samband med koronapandemien er utvida ut året. I Prop. 7 LS (2021–2022) blei dagpengeperioden og permitteringsperioden utvida, kompensasjonsgraden på 80 pst. for inntekt opp til 3G blei forlenga, samstundes som dagpengemottakarar framleis kan jobbe inn-til 60 pst. før ein mister dagpengane, i heile 2021. Utgiftene til koronatiltak i 2021 er berekna å bli noko lågare enn før. Samstundes ser det ut til å bli noko færre dagpengemottakarar i 2021 enn det som blei lagt til grunn tidlegare. Ut i frå dette er det behov for å setje ned løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 1 010 mill. kroner.

Kap. 5705 Refusjon av dagpengar*Post 70 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs*

Løyvinga for 2021 er 27 mill. kroner.

Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs bereknast til 29 mill. kroner i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 71 Refusjon av dagpengar for grensearbeidarar m.m. busett i Norge

Løyvinga for 2021 er 0,1 mill. kroner.

Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs bereknast til 0,3 mill. kroner i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.

Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er på 1 060 mill. kroner.

Utgiftene i 2021 bereknast til 705 mill. kroner. Talet på konkursar har gått ned ein god del i 2020 og så langt i 2021. Talet på tilsette råka av konkurs auka i 2020, men har gått ned i 2021. Det er venta ein del konkursar framover, men det er stor uvisse om utviklinga.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 355 mill. kroner.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

Post 70 Dividende

Løyvinga for 2021 er på 230 mill. kroner.

Inntektene for 2021 ligg an til å bli 175 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 55 mill. kroner.

Kap. 2543 Mellombelse stønadsordningar for sjølvstendig næringsdrivande, frilansarar og lærlingar

Post 70 Stønad til sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er på 1 190 mill. kroner.

Regjeringa føreslo i Prop. 7 LS (2021–2022) å forlengje kompensasjonssytinga for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar ut 2021, jf. Prop. 7 LS (2021–2022) og Innst. 30 L (2021–2022). Løyvinga for 2021 blei då berekna til 1 190 mill. kroner.

Basert på observert utvikling blir det no berekna at 1 411 mill. kroner vil kome til utbetaling i 2021. I og med at stønaden blir utbetalt på etterskot, vil kompensasjonen for desember bli utbetalt i januar 2021, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022).

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 221 mill. kroner.

Post 71 Stønad til lærlingar, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er på 31 mill. kroner.

Ordninga blei avvikla for nye tilfelle frå og med 1. oktober 2021. Ut frå utviklinga i utgifter så langt i år er det venta noko høgare utbetaling samla for året.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 27 mill. kroner.

Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 1 700 mill. kroner.

Tala frå 2021 viser ein klar nedgang i gjennomsnittleg yting. Dette heng truleg saman med at fleire kombinerer overgangsstønad med arbeid som følgje av ein betre arbeidsmarknad. Samstundes ventast talet på mottakarar å auke mindre i siste del av 2021 enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 72 Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 101 mill. kroner.

Utgiftene bereknast til 104 mill. kroner i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Post 73 Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 24 mill. kroner.

Utgiftene bereknast til 23 mill. kroner i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Post 76 Bidragsforskott

Løyvinga for 2021 er 685 mill. kroner

Overslaget på posten er auka med 5 mill. kroner, hovudsakleg som følgje av justerte overslag for auke i saksvolum.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 2650 Sjukepengar

Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 42 560 mill. kroner.

Overslagsendringar

Utviklinga i det trygdefinansierte sjukefråværet og rekneskapen til og med september 2021 tilseier ein auke i det trygdefinansierte sjukefråværet frå 2020 til 2021 på 0,5 pst. Det er høgare

enn overslaget i Prop. 195 S (2020–2021). Vidare er overslaga for vekst i sysselsettinga og vekst i sjukepengegrunnlaget (lønsvekst) auka til høvesvis 0,8 pst. og 2,8 pst.

Kompensasjonsordning for arbeidstakarar som er ramma av innreiserestriksjonar

I samband med koronapandemien blei det oppretta ei kompensasjonsordning for arbeidstakarar som blei ramma av innreiserestriksjonar. Innreiserestriksjonane for denne gruppa blei oppheva 25. september, og kompensasjonsordninga blei derfor avvikla 1. oktober. Oppdaterte overslag for samla utgifter til ordninga i 2021 er på 426 mill. kroner. Det er 704 mill. kroner lågare enn det som blei lagt til grunn i Prop. 195 S (2020–2021).

Oppsummering

Samla sett inneber dette høgare sjukepengeutbetalningar i 2021 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 690 mill. kroner.

Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 1 580 mill. kroner.

Utviklinga i det trygdefinansierte sjukefråværet for sjølvstendige og rekneskapen til og med september 2021 tilseier ein nedgang i det trygdefinansierte sjukefråværet for sjølvstendige frå 2020 til 2021 på 11 pst. Dette er ein større nedgang enn berekna i Prop. 195 S (2020–2021). Samtidig er overslaga for vekst i sysselsettinga og vekst i sjukepengegrunnlaget (lønsvekst) auka til høvesvis 0,8 pst. og 2,8 pst. Samla sett inneber dette lågare sjukepengeutbetalningar til sjølvstendige i 2021 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 130 mill. kroner.

Post 72 Pleie-, opplæring og omsorgspengar m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 1 889 mill. kroner.

Mellombelse særreglar for omsorgspengar som følgje av koronapandemien har blitt forlengja fleire gonger i 2021. Særreglane gjeld no ut året 2021, jf. Prop. 7 LS (2021–2022) og vedtak 12 frå Stortinget av 28. september 2021. På bakgrunn av rekneskapsutviklinga er effekten av koronatiltaka

no berekna til om lag 178 mill. kroner, dvs. 100 mill. kroner mindre enn lagt til grunn i Prop. 7 LS (2021–2022). Overslaget for volumveksten er justert ned til 5 pst. for 2021, mens overslaget for lønsveksten er auka til 2,8 pst.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 179 mill. kroner.

Post 75 Feriepengar av sjukepengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 2 820 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2021 blir lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 120 mill. kroner.

Post 76 Tilskot til ekspertbistand og kompetansetiltak for sjukmelde, kan overførast

Løyvinga for 2021 er 80,3 mill. kroner.

Ordningane under denne posten blei innført i samband med ny IA-avtale i 2018. Begge ordningane er sterkt påverka av koronapandemien. Utgiftene i 2021 bereknast til 20 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 60,3 mill. kroner.

Kap. 2651 Arbeidsavklaringspengar

Post 70 Arbeidsavklaringspengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 33 840 mill. kroner.

Overslaget er redusert i hovudsak som følgje av at utbetalinga per mottakar er lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 480 mill. kroner.

Post 71 Tilleggsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 140 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2021 blir noko lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 17 mill. kroner.

Post 72 Legeerklæringar

Løyvinga for 2021 er 395 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2021 blir noko høgare enn tidlegare venta.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 2655 Uføre*Post 70 Uføretrygd, overslagsløyving*

Løyvinga for 2021 er 104 540 mill. kroner.

I Prop. 195 S (2020–2021) blei det lagt til grunn eit gjennomsnittleg tal for mottakarar av uføretrygd i 2021 på om lag 360 700. Dette overslaget er no redusert til om lag 360 200 mottakarar. Reduksjonen i gjennomsnittleg tal for mottakarar bidrar til ein reduksjon i utgiftsoverslaget på om lag 130 mill. kroner. Endra føresetnad for grunnbeløpet bidrar til å redusere utgiftsoverslaget med om lag 100 mill. kroner. Gjennomsnittleg yting er høgare enn det som blei lagt til grunn, og dette bidrar til ei auke i utgiftsoverslaget på 60 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 170 mill. kroner.

Post 75 Menerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 76 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 6 mill. kroner lågare enn berekna.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

Post 76 Yrkesskadetrygd gml. lovgiving, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 35 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 2 mill. kroner høgare enn berekna.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.*Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving*

Løyvinga for 2021 er 1 550 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumvekst i 2021 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 1 667 mill. kroner.

Det er no venta noko lågare volumvekst i 2021 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 7 mill. kroner.

Post 73 Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning

Løyvinga for 2021 er 115 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumvekst i 2021 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

Post 74 Tilskot til bilar

Løyvinga for 2021 er 755 mill. kroner.

Det er no venta noko lågare volumvekst i 2021 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 40 mill. kroner.

Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel

Løyvinga for 2021 er 3 480 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumvekst i 2021 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 50 mill. kroner.

Post 76 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester

Løyvinga for 2021 er 285 mill. kroner.

Overslagsendringar

Det meste av utgiftene under løyvinga gjeld kurs og opplæring, reiser og utprøving av ulike hjelpemiddel, tolkehjelp for høyrselshemma, døve og døvblinde og førarhundar. Som følgje av koronapandemien blei utgiftene til desse tenestene reduserte i 2020. Utgiftene i 2021 er på om lag same nivå som i 2020, som inneber eit noko lågare utgiftsnivå i 2021 enn lagt til grunn for løyvinga.

Økonomisk kompensasjon til Ål folkehøgskole og kurs-senter for døve som følgje av avlyste tilpassingskurs forårsaka av koronapandemien

Tilpassingskurs er opplæringsprogram for personar med sansetap spesielt utvikla for å styrkje deira evne til å fungere i dagleglivet, og er ein rettighet etter folketrygdlova. Målgruppa er døve, tunghøyrd, svaksynte, blinde og døvblinde og deira pårørande. Verksemdene som tilbyr tilpassingskurs har spesialisert tilbodet mot einskilte målgrupper. Ål folkehøgskole og kurssenter for døve er ei stifting oppretta av Noregs Døvefor-

bund, og er den einaste verksemda som tilbyr tilpassingskurs for døve og sterkt tunghøyrde og deira pårørande.

Som følgje av avlyste tilpassingskurs forårsaka av koronapandemien har verksemdene som tilbyr tilpassingskurs hatt ein stor inntektsnedgang i perioden 1. mai 2020 – 30. april 2021 samanlikna med perioden 1. mai 2019 – 30. april 2020. Ål folkehøgskole og kurssenter for døve hadde i denne perioden den største prosentvise nedgangen i inntektene. Verksemda stod derfor i fare for å måtte innstille. Dette ville ha ført til at døve og sterkt tunghøyrde ikkje lenger ville ha hatt høve til å gjennomføre tilpassingskurs. For å sikre at tilbodet ved folkehøgskolen blei vidareført, blei verksemda kompensert for den prosentvise inntektsreduksjonen som var høgare enn dei andre verksemdene hadde hatt. Dette innebar at Ål folkehøgskole og kurssenter for døve fekk eit tilskot på 6,1 mill. kroner i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Post 77 Ortopediske hjelpemiddel

Løyvinga for 2021 er 1 620 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumvekst i 2021 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Med verknad frå 1. september 2021 er det gjort endring av forskrift om stønad til ortopediske hjelpemiddel, brystprotese, ansiktsdefektprotese, augeprotese og parykk. Endringa inneber at det for personar med kjønnsinkongruens ikkje lengre er krav om tilsegn frå sjukehus om kjønnskifteoperasjon og at hormonbehandling er sett i gang, men at det er tilstrekkeleg med erklæring frå lege eller anna helsepersonell for å få dekt brystprotese og parykk. Det er venta at desse endringane vil føra til at nokre fleire personar med kjønnsinkongruens vil få stønad til parykk og brystprotese frå folketrygda. Den årlege meirutgifta er berekna til 0,5 mill. kroner. Meirutgiftene i 2021 er berekna til om lag 0,2 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 60 mill. kroner.

Post 78 Høyreapparat

Løyvinga for 2021 er 790 mill. kroner.

Det er no venta noko høgare volumvekst i 2021 enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 25 mill. kroner.

Post 79 Aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år, kan overførast

Løyvinga for 2021 er 103,7 mill. kroner

Kostnadene for dei fleste aktivitetshjelpemidla blir fyrst rekneskapsført frå tre til fire månader etter at vedtak er fatta. At det ofte tar relativt lang tid frå vedtak er fatta til utgiftene er bokførte, skuldast mellom anna at det ofte tar noko tid før brukarane har innbetalt eigendelen (10 prosent av kostnaden for aktivitetshjelpemiddelet med ei øvre grense på 4 000 kroner) slik at det innvilga aktivitetshjelpemiddelet kan bestillast. Som følgje av dette, vil einskilde vedtak som er gjort i 2021 fyrst bli utgiftsførte i 2022. Dette vil føre til ei mindreutgift på løyvinga for 2021, samstundes som at desse sakene vil gje bindingar på løyvinga for 2022 og dermed redusert ramme for å innvilge nye søknader om aktivitetshjelpemiddel.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår derfor at posten i 2021 får stikkordet «kan overførast».

Kap. 2670 Alderdom

Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 81 560 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 120 mill. kroner hovudsakleg som følgje av nedjusterte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 120 mill. kroner.

Post 71 Tilleggs pensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 162 380 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 610 mill. kroner som følgje av nedjusterte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 610 mill. kroner.

Post 72 Inntekts pensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2021 er 6 760 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 80 mill. kroner som følgje av nedjusterte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg stønad

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å redusere løyvinga med 80 mill. kroner.

*Post 73 Særtilllegg, pensjonstillegg m.m.,
overslagsløyving*

Løyvinga for 2021 er 7 100 mill. kroner.

Posten dekker fleire ulike tillegg. Det er gjort justeringar av overslaga for komponentane som inngår i denne posten og samla sett blir overslaget nedjustert. Overslag for særtilllegg og pensjonstillegg utgjør i overkant av 60 pst. av posten.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 80 mill. kroner.

Kap. 2680 Etterlatne

Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving

Løyvinga på posten er 805 mill. kroner.

Det er gjort mindre justeringar i prognosen for 2021 og samla sett auker overslaget med 5 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

*Post 74 Tilleggsstønader og stønad til skulepengar,
overslagsløyving*

Løyvinga på posten er 0,2 mill. kroner.

Utgiftene på posten ser ut til å bli lågare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,1 mill. kroner.

*Post 75 Stønad til barnetilsyn til gjenlevande
i arbeid, overslagsløyving*

Løyvinga på posten er 3,6 mill. kroner.

Utgiftene på posten ser ut til å bli lågare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner.

Kap. 3616 Gruppelivsforsikring

Post 01 Premieinntekter

Løyvinga for 2021 er 100 mill. kroner.

Overslaget for premieinntekter er auka med 4 mill. kroner, hovudsakleg som følgje av etterfakturering for 2020.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 4 mill. kroner.

Kap. 5571 Sektoravgifter under Arbeids- og sosialdepartementet

Post 70 Petroleumstilsynet – sektoravgift

Løyvinga for 2021 er på 122,1 mill. kroner.

Prognosen for inntekter på posten tilseier ein reduksjon på om lag 14,3 mill. kroner

Reduksjon i inntekter på denne posten skuldast m.a. at Petroleumstilsynet har auka si aktivitet retta mot enkeltaktørar mot ein tilsvarende reduksjon innafor sektorfinansierte aktivitetar.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 14,3 mill. kroner.

Kap. 5701 Diverse inntekter

Post 71 Refusjon ved yrkesskade

Løyvinga for 2021 er 770,8 mill. kroner.

Overslag for innbetalingar av refusjon i 2021 av oppgjør frå forsikringsnæringa til og med skadeårgang 2020 er på 716,4 mill. kroner, noko som betyr redusert inntekt på posten med 54,3 mill. kroner i 2021.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 54,3 mill. kroner.

Post 86 Innkrevjing feilutbetalingar

Løyvinga for 2021 er 1 327 mill. kroner.

På grunn av inntektene så langt i år er overslaget i 2021 auka til 1 480 mill. kroner. Meirinntekten skuldast mellom anna ekstra innbetalingar knytte til «skatt etteroppgjør» og AFP for 2020 som NAVI krev inn i 2021. I tillegg har NAVI fått nye stønadstypar til innkrevjing som følgje av koronapandemien, mellom anna feilutbetalingar i samanheng med ordninga om lønnskompensasjon.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 153 mill. kroner.

Post 87 Diverse inntekter

Løyvinga for 2021 er 18,2 mill. kroner.

På grunn av inntektene så langt i år er overslaget i 2021 auka til 22,5 mill. kroner. Meirinntekten skuldast mellom anna auka inntekter frå rentetillegg ved tilbakekrevjing av saker om feilutbetaling, sjå omtale under post 86.

Arbeids- og sosialdepartementet foreslår å auke løyvinga med 4,3 mill. kroner.

Post 88 Hjelpemiddelsentralar m.m.

Løyvinga for 2021 er 65 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Arbeids- og sosialdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Arbeids- og sosialdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2021 under Arbeids- og sosialdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
601		Utgreiingsverksemd, forskning m.m.	
	70	Tilskot, blir redusert med..... frå kr 52 510 000 til kr 32 510 000	20 000 000
	71	Tilskot til bransjeprogram under IA-avtalen m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 72 240 000 til kr 53 000 000	19 240 000
604		Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 45</i> , blir redusert med..... frå kr 254 747 000 til kr 213 547 000	41 200 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med..... frå kr 178 920 000 til kr 125 920 000	53 000 000
605		Arbeids- og velferdsetaten	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 13 220 474 000 til kr 13 218 374 000	2 100 000
612		Tilskot til Statens pensjonskasse	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 9 978 000 000 til kr 9 473 000 000	505 000 000
	22	Sluttoppgjer, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr -20 000 000 til kr -26 000 000	6 000 000
	70	For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 180 000 000 til kr 186 000 000	6 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
613		Arbeidsgivaravgift til folketrygda	
	70	For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 21 000 000 til kr 10 000 000	11 000 000
614		Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	90	Utlån, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 8 100 000 000 til kr 7 700 000 000	400 000 000
615		Yrkesskadeforsikring	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 84 000 000 til kr 93 000 000	9 000 000
621		Tilskot til sosiale tenester og sosial inkludering	
	70	Frivillig arbeid, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 131 260 000 til kr 105 000 000	26 260 000
634		Arbeidsmarknadstiltak	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 479 005 000 til kr 439 005 000	40 000 000
	76	Tiltak for arbeidssøkjarar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 8 236 475 000 til kr 8 228 848 000	7 627 000
	78	Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser, blir redusert med frå kr 72 550 000 til kr 60 000 000	12 550 000
	79	Funksjonsassistanse i arbeidslivet, blir auka med..... frå kr 76 265 000 til kr 83 892 000	7 627 000
635		Ventelønn	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 3 800 000 til kr 3 500 000	300 000
640		Arbeidstilsynet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 795 129 000 til kr 750 008 000	45 121 000
642		Petroleumstilsynet	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 30 980 000 til kr 27 184 000	3 796 000
649		Treparts bransjeprogram	
	21	Spesielle driftsutgifter – Treparts bransjeprogram, blir redusert med..... frå kr 2 473 000 til kr 0	2 473 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
664		Pensjonstrygda for sjømenn	
	70	Tilskot, blir redusert med..... frå kr 30 000 000 til kr 29 500 000	500 000
665		Pensjonstrygda for fiskarar	
	70	Tilskot, blir auka med..... frå kr 32 700 000 til kr 36 000 000	3 300 000
666		Avtalefesta pensjon (AFP)	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 3 030 000 000 til kr 3 040 000 000	10 000 000
2470		Statens pensjonskasse	
	24	Driftsresultat:	
		1. Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-651 000 000
		2. Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	497 000 000
		3. Avskrivningar.....	97 000 000
		4. Renter av statens kapital.....	
		5. Til investeringsføremål.....	60 000 000
		6. Til reguleringsfond	-20 000 000
			-17 000 000
2541		Dagpengar	
	70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 27 180 000 000 til kr 26 170 000 000	1 010 000 000
2542		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.	
	70	Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	355 000 000
		frå kr 1 060 000 000 til kr 705 000 000	
2543		Mellombelse stønadsordningar for sjølvstendig næringsdrivande, frilansarar og lærlingar	
	70	Stønad til sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	221 000 000
		frå kr 1 190 000 000 til kr 1 411 000 000	
	71	Stønad til lærlingar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	27 000 000
		frå kr 31 000 000 til kr 58 000 000	
2620		Stønad til einslig mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	30 000 000
		frå kr 1 700 000 000 til kr 1 670 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Stønad til barnetilsyn til enslig mor eller far i arbeid, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med.....	3 000 000
		frå kr 101 000 000 til kr 104 000 000	
	73	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	1 000 000
		frå kr 24 000 000 til kr 23 000 000	
	76	Bidragforskott, blir auka med.....	5 000 000
		frå kr 685 000 000 til kr 690 000 000	
2650		Sjukepengar	
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med.....	690 000 000
		frå kr 42 560 000 000 til kr 43 250 000 000	
	71	Sjukepengar for sjølvstendige, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	130 000 000
		frå kr 1 580 000 000 til kr 1 450 000 000	
	72	Pleie-, opplærings- og omsorgspengar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	179 000 000
		frå kr 1 889 000 000 til kr 1 710 000 000	
	75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	120 000 000
		frå kr 2 820 000 000 til kr 2 700 000 000	
	76	Tilskot til ekspertbistand og kompetansetiltak for sjukmelde, <i>kan overførast</i> , blir redusert med.....	60 265 000
		frå kr 80 265 000 til kr 20 000 000	
2651		Arbeidsavklaringspengar	
	70	Arbeidsavklaringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	480 000 000
		frå kr 33 840 000 000 til kr 33 360 000 000	
	71	Tilleggsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	17 000 000
		frå kr 140 000 000 til kr 123 000 000	
	72	Legeerklæringar, blir auka med	5 000 000
		frå kr 395 000 000 til kr 400 000 000	
2655		Uføre	
	70	Uføretrygd, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	170 000 000
		frå kr 104 540 000 000 til kr 104 370 000 000	
	75	Menerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	6 000 000
		frå kr 76 000 000 til kr 70 000 000	
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovgivning, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	2 000 000
		frå kr 35 000 000 til kr 37 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.	
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 550 000 000 til kr 1 560 000 000	10 000 000
	71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 667 000 000 til kr 1 660 000 000	7 000 000
	73	Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning, blir auka med frå kr 115 000 000 til kr 116 000 000	1 000 000
	74	Tilskot til bilar, blir redusert med frå kr 755 000 000 til kr 715 000 000	40 000 000
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, blir auka med frå kr 3 480 000 000 til kr 3 530 000 000	50 000 000
	76	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel som tenester, blir redusert med..... frå kr 285 000 000 til kr 265 000 000	20 000 000
	77	Ortopediske hjelpemiddel, blir auka med frå kr 1 620 000 000 til kr 1 680 000 000	60 000 000
	78	Høyreapparat, blir auka med frå kr 790 000 000 til kr 815 000 000	25 000 000
2670		Alderdøm	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 81 560 000 000 til kr 81 440 000 000	120 000 000
	71	Tilleggs pensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 162 380 000 000 til kr 161 770 000 000	610 000 000
	72	Inntekts pensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 6 760 000 000 til kr 6 680 000 000	80 000 000
	73	Særtilllegg, pensjonstilllegg m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 7 100 000 000 til kr 7 020 000 000	80 000 000
2680		Etterlatne	
	71	Tilleggs pensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 805 000 000 til kr 810 000 000	5 000 000
	74	Tilleggsstønader og stønad til skulepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 200 000 til kr 100 000	100 000
	75	Stønad til barnetilsyn til gjenlevande i arbeid, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 3 600 000 til kr 2 900 000	700 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3605		Arbeids- og velferdsetaten	
	04	Tolketenester, blir redusert med..... frå kr 4 128 000 til kr 2 028 000	2 100 000
	06	Gebyrinntekter for fastsetjing av bidrag, blir redusert med..... frå kr 26 420 000 til kr 24 420 000	2 000 000
3614		Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	90	Tilbakebetaling av lån, blir redusert med..... frå kr 10 200 000 000 til kr 10 100 000 000	100 000 000
3616		Gruppelivsforsikring	
	01	Premieinntekter, blir auka med..... frå kr 100 000 000 til kr 104 000 000	4 000 000
3640		Arbeidstilsynet	
	09	Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket, blir auka med frå kr 27 865 000 til kr 30 000 000	2 135 000
	10	Gebyr, godkjenningssordning innkvartering m.m., blir redusert med..... frå kr 20 000 000 til kr 11 000 000	9 000 000
3642		Petroleumstilsynet	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir redusert med frå kr 8 020 000 til kr 4 766 000	3 254 000
	03	Gebyr tilsyn, blir auka med..... frå kr 77 800 000 til kr 86 019 000	8 219 000
5571		Sektoravgifter under Arbeids- og sosialdepartementet	
	70	Petroleumstilsynet – sektoravgift, blir redusert med..... frå kr 122 130 000 til kr 107 826 000	14 304 000
5607		Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 574 000 000 til kr 546 000 000	28 000 000
5701		Diverse inntekter	
	71	Refusjon ved yrkesskade, blir redusert med..... frå kr 770 750 000 til kr 716 416 000	54 334 000
	86	Innkrevjing feilutbetalningar, blir auka med..... frå kr 1 327 000 000 til kr 1 480 000 000	153 000 000
	87	Diverse inntekter, blir auka med..... frå kr 18 150 000 til kr 22 450 000	4 300 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	88	Hjelpemiddelsentralar m.m., blir auka med frå kr 65 000 000 til kr 68 000 000	3 000 000
5704		Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs	
	70	Dividende, blir redusert med frå kr 230 000 000 til kr 175 000 000	55 000 000
5705		Refusjon av dagpengar	
	70	Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs, blir auka med frå kr 27 000 000 til kr 29 000 000	2 000 000
	71	Refusjon av dagpengar for grensearbeidere m.m. busett i Noreg, blir auka med frå kr 100 000 til kr 300 000	200 000

II

Stikkordsfullmakter

Stortinget samtykker i at stikkordet «kan overførast», som enkeltstående tilfelle, blir tilføyd følgande løyvingar i statsbudsjettet for 2021:

1. kap. 640 Arbeidstilsynet, post 01 Driftsutgifter, men avgrensa til utgifter knytt til IA-midlane.
2. kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m., post 79 Aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år.

III

Fullmakt til postering mot mellomværendet med statskassa

Stortinget samtykker i at Arbeids- og sosialdepartementet i 2021 kan gje Statens pensjonskasse fullmakt til å inntektsføre fakturert, enno ikkje innbetalt pensjonspremie for sjettemin 2021 knytt til dei statlege verksemdene som har forfallstidspunkt fyrst i 2022. Inntektsføringa kan gjerast med postering mot mellomværendet med statskassa. Mellomværendet blir utlikna i etterfølgjande periode når innbetalinga frå dei aktuelle statlege verksemdene blir motteke.

